

# Årsmelding

# Sveio Orienteringslag

## 2016



*Sveio O-lag vann KM i stafett i open klasse i august 2016. Her er vinnarlaget. Frå venstre: Bjørnar S. Førde, Kristian S. Førde og Kjetil Fiskå.*

## **Resultata frå valet under SOL sitt årsmøte 10. mars 2016:**

### **Hovudstyret:**

Thomas Førde, leiar, attval for 1 år.

Kjetil Fiskå, nestleiar, attval for 2 år.

Kristian S. Førde, attval for 2 år

Karl Inge Instefjord og Astrid Førstund var ikkje på val

### **Varamedlemmer til hovudstyret:**

Geir Milford, 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjørdis Kallevik, 2. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna, 3. varamedlem, attval for 1 år.

### **Turorienteringsutvalet:**

Thomas Førde, leiar, attval for 1 år

Astrid Førstund, attval for 2 år

Karl Inge Instefjord, attval for 2 år

Olaug Fagerland, ikkje på val

Leif Grutle, ikkje på val

Øystein Opedal, ikkje på val

Oddbjørn Valen, ikkje på val

### **Revisor:**

Jostein Ottesen, attval for 1 år

### **Diverse:**

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd: Astrid Førstund og Øystein Opedal

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus: Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna.

Astrid Førstund, vara Thomas Førde

Valnemnd for 2016/2017: Styret fekk i fullmakt til å velja valnemnd etter årsmøtet.

### **Styret har representert laget i følgjande møte gjennom fjorårssesongen:**

Astrid Førstund og Øystein Opedal var SOL sine utsendingar under årsmøtet i Sveio Idrettsråd i mars. Kjetil representerte laget under terminlistemøte for klubbane i Nord Rogaland i januar i 2016.

Astrid Førstund og Karl Inge Instefjord deltok som SOL sine utsendingar til årsmøtet i Førde Samfunnshus.

**Medlemstalet** i Sveio O-lag var per 31.12.2016: 69 betalende medlemmer mot 70 eit år tidlegare.

## **Kartarbeid**

I Sveio kommune sin plan for bygging av idrettsanlegg saman med prioriteringslista for framtidige anlegg som skal kunne få spelemidlar, har Sveio O-lag spelt inn nokre aktuelle kart-prosjekt, som kan få status som nærmiljøanlegg og dermed koma inn på rett prioriteringsliste: Våre framlegg er: Sveio sentrum, Valevåg, Førde (Lauvneset-Austvik) og Moldbrekke, Nonslid, Haukås.

I November og desember var Kjetil og Thomas fleire søndagar på befaring i marka mellom Moldbrekke og Haukås; og mellom Moldbrekke, Nonslid og Liervatn og sist mellom Haukås, Nesse og Våga. Store delar av dette området er tidlegare dekkja av eit o-kart som blei laga av HIL i 1983. Kartet er ikkje digitalt, er utdatert og i praksis er alle trykte kopiar av kartet brukt opp.

Under befaring har me vurdert å utvida området i nordaust, i retning Liervatn frå Noslid. I sør er det meir diskutabelt kor langt kartet bør rekkja. Omfattande beitebruk av utmarka for storfe blir eit avgjerande moment for kor anvendeleg dette området kan bli for våre aktivitetar. Men store delar av det terrenget, som er blitt befart nylig har gode kvalitetar som o-terreng.

Konkurransorientering:

## **Eigne arrangement**

### **Nær-o-løp**

Sveio O-lag arrangerte eit suksessrikt nær-o-løp på Lyngholmen tysdag 24. mai. 76 deltakarar frå Fitjar i nord til Karmøy i sør stilte til start. Fire ulike løyper blei laga av Kjetil Fiskå og Thomas Førde i spennande og ope o-terreng. Mange gode tilbakemeldingar kom frå deltakarane, både når det gjaldt kart, terreng og løyper.

På Lyngholmen ligg det svært godt til rette for å kunne laga løyper som høver for alle nivå og aldersgrupper av o-løparar. Terrenget er veileigna, det same er innhaldet av stiar og vegar som høver til start og innkomst og lett utgang til terrenget og veileigna inngang frå terrenget til mål.

Det som er flaskehalsen på Lyngholmen er å finna romsleg samlingsplass og stort parkeringsareal. Det gjekk likevel svært bra å arrangera dette nærløpet. Men for større stemne kan det bli trangt. Me møtte stor velvilje hos grunneigarar og fastbuande på Lyngholmen, noko som freista oss til å koma igjen.



*Frå starten av nær-o-løpet 24. mai i vakkert førsommarver der Kjetil er startar.*





*Sekretariatet ved målpasering på Lyngholmen*



## Bedrifts- o-løp

Difor laga dei to same løypeleggjarane, Kjetil og Thomas, to nye løyper med start og mål på Lyngholmen slik at bedrifts-o-løp kunne arrangerast der torsdag 16. juni. 37 deltakarar stilte til start. Kjetil hadde hovudansvaret for gjennomføring av arrangementet.

## Nær-o-løp i september

Tid: Tirsdag 6. september, fra klokka 18.00

Samlingsplass: Hanaleite i Førde

Vårt andre Nær-o-løp for sesongen blei ingen suksess målt etter talet på deltakarar. Berre litt over 20 stilte til start. Dermed blei det dårleg tilbakebetaling for innsatsen til dei to løypeleggjarane, Kjetil og Thomas, som hadde laga tre utfordrande løyper i terrenget mellom Hanaleite, Drangsvågen og Islandsfjellet.

## Deltaking i andre arrangement



*Vinnarlaget i open klasse i KM stafett*

Høgdepunktet resultatmessig vart KM-stafett som HIL arrangerte ved golfbana i Sveio søndag 28. august. Sveio O-lag stilte lag i open klasse og gjekk heilt til topps med klar margin til konkurrentane.

Kjetil sprang første etappe, Bjørnar andre og Kristian fekk æra av å slutføra på tredje etappen og kom først i mål til siger i open klasse. Me må gå mange år tilbake i saga for å finna SOL sin førre stafettsiger i eit meisterskap.

Denne KM-helga gjekk over to dagar. Laurdag var det individuell konkurranse i mellomdistanse orientering, kor Kjetil deltok.



## Fem dagar med orientering i Sverige



Det er nærast blitt tradisjon at Sveio O-lag har deltakarar i den svenske stormønstringa, O-ringen, med fem o-løp på ei veke i juli. I år gjekke denne stormønstringa, verdas største o-tevling i skiterrenget i Sælen, vel ein times biltur frå Trysil i Norge. Bjørnar, Kristian, Astrid og Thomas deltok saman med meir enn 24 000 andre frå 40 ulike land.

Dei mange alpinbakken og ski- og turistanlegga i området blei utnytta utan snø og skiføre. Den eine løpsdagen, laut alle deltakarane ta skiheisen til start og springa innover i snaufjellet frå toppen av slalåmbakkane.

I løpet av sesong deltok SOL-løparar også i fleire nær-o-løp og i nokre kretsløp.

# Turorientering

I 2016-sesongen kunne me mellom anna tilby tur-o-postar i høgaste Valestrandfjellet. 10 postar kunne besøkjast langs ei gjennomgåande løype frå vegen opp mot Målefjellet, via Trollavatn og vidare nordover og nedover mot Kleivo eller Einstabøvoll. Til dels krevande stigningar, men alle som streva seg opp i høgda fekk godt betalt i form av flott utsyn.

På Tittelsnes, nord for Festningen, var det lagt ut 10 postar, medan terrenget rundt Joavatnet ved Førde vart «pynta» med fem tur-o-postar.

I Eikelandsneset blei skogsveggar og turstiar utnyttta til å laga ein høveleg familietur til 10 ulike postar.

I Auklandshamn låg ti postar nær den mykje brukte turstien frå skulen og sørover mot Emberlandsnipen, medan 15 postar på vårt nyaste o-kart, Ryvardenmarka, vart lagt ut på begge sider av turstien mellom Lyngholmen og Ryvarden fyr.

**Start og slutt:** Startskotet for årets tur-o-sesong gjekk rekordtidleg søndag 20. mars. Alle dei 50 postane var merka med sirkel på kartet. Alle desse 50 postane stod ute og klar til å ta imot besøk utan pause heilt fram til 25. oktober.

**Postkasse og premie:** To postkassar var sette ut i terrenget fordelt på to av dei 50 postane. Her er det høve til å skriva namnet sitt i ei bok og vera med på trekning av premiar.

**Kulturminnepostar:** Ved einiskilde av tur-o-postane blei det sett opp info-tavler om aktuelle kulturminne på staden. Desse tekstane, i alt åtte ulike oppslag i 2016, låg også på O-laget sine heimesider.

**Tur-o på nett:** Heile tur-o-tilbodet til Sveio O-lag har gjennom sesongen vore presentert på Norges Orienteringsforbund sine nettsider, [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no). Her kunne kvart enkelt kart med innteikna postar lastast ned og skrivast ut. På nettsidene kan også våre tur-o-deltakarar registrera seg og leggja inn sine besøk på dei ulike postane. SOL har gjort alle turane i tilbodet om NærTrim/Barnas Tur-O og Foto-O tilgjengeleg og nedlastbart på nettet. Besøk ved alle desse postane og ved alle dei 52 postane i familietur-o, kan registrerast på nettet. For denne tilrettelegginga blei laget premiert med kr. 10 000 frå NOF. Oppslutnaden om registrering av postbesøk på nettsida vart rekordstor i 2016.

## Nærtrim/Barnas tur-o

20 ulike postar var fordelte likt mellom fire ulike terreng og o-kart. Fem postar låg ute, sør for Førde skule, fem postar nær Auklandshamn skule og like mange postar i marka mellom Fjellstad i retning Kattabergfjellet. Dei fem siste av desse 20 nærtrim-postane låg i 2016 langs vegen mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr.

## Foto-orientering

Foto-orientering er vårt lågterskeltilbod og ein inngangsbillett til o-idretten. Eit tilbod som også kan høva for funksjonshemma. Tilbodet har gjennom fleire år blitt eit ettertrakta del av Sveio O-lags tilbod om turorientering. Foto-o går ut på å finna att detaljbilete som er gjengitt på eit ark ved sida av

innteikna postar på kartet. Foto-orienteringa var i 2016 lagt til Sveio sentrum og til Førde sentrum. Svært mange sende inn svar på oppgåva frå foto-o. Alle dei innsendte svara var med i trekkinga om premiar ved sesongslutt.

### **Kaffipost med marknadsføring**



*Sveio O-lag driv marknadsføring overfor turgåarar mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr*

SOL sin lange tradisjon med servering av kaffi, saft og kaker på ein tur-o-post ein søndag før sommarferien, blei halden vedlike også i 2016. Det skjedde søndag 29. mai ved Mølstrevåg, nær turvegen til Ryvarden fyr. Denne vakre søndagen og den strategiske plasseringa av kaffiposten blei utnytta til marknadsføring av turorienteringstilbodet. Eit kart med dei fem innteikna Nærtrim — postane i området, var trykt opp i rikt antal. På baksida av kartet var påtrykt meir info om SOL' s tur-o-tilbod. Denne dagen vart kartet delt ut gratis til interesserte. Svært mange turgåarar tok i mot og besøkte dei fem postane som var innteikna. Alle som leverte inn kartet på tilbaketuren og hadde vore innom alle postane blei med i trekking om premie. Me trekte dessutan premie blant alle som besøkte kaffiposten denne søndagen mellom klokka 12 til klokka 15.

**Sal og marknadsføring** Salet av Tur-o-konvoluttar blei ein bra i 2016-sesongen. Me hadde ein liten auke i salet av begge typar konvolutt eller deltakarpakke i høve til året før. Me selde i 2016 i alt 155 (148) konvoluttar. I tillegg blei fire kart lasta ned og kjøpt frå oss via nettsida Turorientering.no. Det blei selt på vanleg måte over disk og til bedrifter 105 (95) familiekonvoluttar og 50 (47) konvoluttar av varianten Nærtirm/barnas Tur-o.

Utsalsstadene våre denne sesongen var Haukås bensinstasjon, Servicetorget i Sveio kommunehus, Førde dagligvare, Auklandshamn handel og Valevåg dagligvare. I tillegg blei det også i år selt konvoluttar direkte til bedrifter. Sterk innsats frå medlemmer i tur-o-utvalet når det gjeld sal av sponsorannonsar er dessutan ein viktig del av både marknadsføring og økonomiarbeidet i tur-o-tiltaket vårt. I tillegg har me annonsert tilbodet i Vestavind og i Haugesunds Avis. Men den aller beste marknadsføringa av tur-o-tilbodet er når medlemmer, tillitsvalde og brukarar framsnakkar tilbodet vårt.

## Finn Fram dagen i Rex Garden

Høgdepunktet for mange gjennom tur-o-sesongen er Finn Fram dagen med innlagt Kaffipost og mykje meir. Arrangementet var i 2016 som året før lagt til Strando med Prestabryggjo og Rex Graden i Førde. Dette er ein arena og eit område som høver særst godt til eit slikt familievennleg arrangement i friluft, særleg når me blir velsigna med vakkert seinsommarver som me fekk søndag 28. august.

Sveio O-lag som hovudarrangør hadde laga til ei rundløype med postar kor det var hengt opp ulike o-tekniske oppgåver. Både start og mål på rundløypa var satt til sjøkanten på Strando. På dei fleste av oppgåvepostane langs rundløypa hadde eit av våre medarrangerande lag ein aktivitet eller presentasjon av kva laget driv med og står for. Dermed kunne deltakarane i rundløypa delta i kajakkpadling, pølsegrilling, volleyball, kåring av søndagens sterkaste mamma og pappa, hesteskostasting, luftgeværskyting og speedorientering. Kvar deltakar fekk ved start utlevert eit kart over rundløypa med skjema på baksida kor ein kunne skriva inn rett svar på oppgåvene.

Alle som leverte inn svar skjema ved målpassering blei med i loddtrekking om premiar.

Arrangementet blei ein stor suksess med over 200 deltakarar.





## Finn fram dag i Rex Garden

Søndag 28. august, kl. 12—15



Start frå Prestabryggjo/Strando i Førde.

**Aktivitetsdag i friluft for heile familien.**

Enkel turløype. Speed-orientering. Instruksjon i bruk av kart og kompass. Luftgeværskyting, kajakkpadling, hesteskostasting, volleyball og tippekurransse. Kåring av søndagens sterkaste mamma og pappa.

**Premiar til alle som deltar.**

Sal av villmarkspølser, pinnebrød, kaker, kaffi og saft.

**Medarrangørar:** Sveio Turlag, 4H, Førde-speidarane, Bua-speidarane og Valestrand søndagsskule

**Hovudarrangør:** Sveio O-lag



# 100 gullvinnarar

Om lag 100 av årets deltakarar i Sveio O-lags turorientering gjekk til gull.

Under årsmøtet på Førde Samfunnshus torsdag 17. november kunne nær 100 turorienterar ta imot det gylne merket. I tillegg hadde fleire titals andre av deltakarar kvalifisert seg for sølv- eller bronsemerket.

Men dei aller gjevaste utmerkingane gjekk i år til fire av deltakarane som alle hadde oppnådd gullmerket i 20 sesongar på rad. Dei fortente plakettvinnarane er: Lilly Krunenes, Svein Krunenes, Eva Lokna og Egil Lokna. Desse fire har gjennom åra vore innom minimum 1000 av Sveio O-lag sine tur-o-postar.

Eit gledeleg trekk ved slutten av årets sesong er at så mange barn og unge har kvalifisert seg til merke av edelt metall.



*Gullmerkevinnarar blant barn og unge i Sveio O-lags turorientering 2016: Fra venstre: Eskil Spilde, Joakim Selsås Sveen, Endre Hetlesæter, Malin Selsås Sveen og Trym Spilde.*



*Plakettvinnarar. Fra venstre: Edith Bergmål og Anders Bergmål som begge har tatt gullmerke 15 år på rad. Lilly Krunenes, Svein Krunenes, Egil Lokna og Eva Lokna som alle har tatt gullmerke 20 år på rad.*

# Utstyr

**Løpsdrakter** blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmene for kr. 300 (for vaksne ) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre løpsdrakter på lager.

**Overtrekkdressar:** Det ligg også nokre overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**T-skjorter:** I samband med at SOL arrangerte DM Vest og at me tok i bruk nytt kart markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærene under DM-Vest. Me har mange igjen på lager ettersom me kjøpte 100. stk.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

**Klubbfana:** For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland. Fana blei utsyrt med nyinnkjøpt fot eller jordspyd i år ettersom det førre hadde gått tapt.

**Premie-/gavekrus med klubblogo og namn:** Me har i lengre tid drøfta trongen for gåveartiklar og premiar med klubblogoen på. I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år kan spreia med glede til dei som fortener det. Storparten av desse premiane blei delte ut under to-dagars DM Vest på Vandaskog.

**Skulebrikker:** Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstaning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

**Konkurranserbrikker:** SOL disponerer ca. 20 EKT-brikker.

**Fingerkompass:** Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

**Vanlege kompass:** Eit klassesett

**Luftgevær,** 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen

**Framvisar** (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement

## Kart:

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013  
Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10  
Valestrand skule 1: 2000 2009/10  
Einstadbøvoll 1: 10 000 2009/10  
Einstadbøvoll 2 1: 5000 2009/10  
Auklandshamn 1:10 000 2004  
Auklandshamn skule 1: 5000 2004  
Slettene 1: 5000 2004

Førde 1:10 000 1998  
Førde nærkart 1: 10 000 2003  
Førde nærkart 1: 5 000 2003  
Førde Prestabryggjo 1: 5000 2006  
Lier 1: 10 000 2006  
Førde skulekart 1: 2000 2006  
Auklandshamn skulekart 1: 2000 ,2006  
Valestrand 1: 15 000 1973

### **Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD 11**

**Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga:** ( Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermar i bra stand.

Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

**Tidtakarutstyr:** MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar.

Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.

### **Sveio O-lag på nettet**

[www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) [www.facebook.com/sveiool](https://www.facebook.com/sveiool)

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i, blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian. Han er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement.